

Informasjon

HYRDINGRØYSTA

NR. 2/2021

JUNI

Grunnlagt 1938

82. årgang



God sommer!

Frå redaksjonen

Vi er inne i den lysaste og finaste tida gjennom året, tida då Skaparverket viser seg i all si prakt. Kyrkja har nyleg feira Skaparverkets dag, ein mangeårig og fin tradisjon.

Feiringa gjekk føre seg i samband med gudstenesta i Sanddalen 6. juni, men etter fleire veker med sokl og varme, kom regnet den helga, men Skaparverket hadde bruk for vatn, så akkurat det var nok dei fleste nøgde med.

Elles har pandemien også siste tida prega kyrkja sitt liv og si gjerning. Men etter kvart har restriksjonane letna gradvis og kyrkja kan no ha gudsteneste innandørs. Elles blir fleire og fleire vaksinerte og smittetala stupper, det er såleis mykje som tyder på at vi er på veg ut av pandemien som har lege som ei klam hand over samfunnet i godt over eit år.

Kyrkja og sokneråda har synt både fantasi og evne til nytenking når alskens former for utegudstenester har vore praktiserte. Vi har sett prestar på lasteplan og kyrkjelyd i bilar. Vi har sett gudsteneste på ein fjelltopp i pinsa, eit tiltak som er vel og bra på mange måtar, men det er nok ikkje til å komme frå at gudsteneste på ein slik plass ekskluderer mange frå delta. Dette var kanskje ein brannfakkell, og eit lite populært utsagn, men vi har høyrte røyster som meiner akkurat det, og difor er det på sin plass å vidareformidle det her.

13. juni hadde Helgheimkyrkja besøk av Oslo biskop Kari Veiteberg. Veiteberg har farsselekta si frå Stardalen og dette besøket i kyrkja var først planlagt i fjor, men måtte avlysast grunna pandemien. Vi har ein prat med biskopen inne i bladet.

I Jølster har vi i sommar to som nett har runda 100 år og som begge er spreke og oppegåande. Inne i bladet har vi ein prat med Svanhild Åhaug, ei utruleg oppegåande dame som har meiningar om det meste



og som er godt oppdatert på det som rører seg i samfunnet. Å treffe eit menneske som var 17 år når Hyrdingrøysta tok til å komme ut og som hugsar alle prestane i Jølster sidan Ragnvald Indrebø, er spesielt. Så lyt prestane heller tole at Svanhild tykkjer dei var meir høgtidelege før, med svart kjole og kvit krage.

– Dei er litt for kvardagslege no, meinte ho som vaks opp rett ved prestegarden og som fekk søstera til Nikolai Astrup som veninne og leikekamerat.

Som sagt så tyder mykje på at vi ser slutten på pandemien og dermed starten på eit meir normalt liv. Generasjonar kan atter møtast til feiring av små og store merkedagar. Kyrkja opnar dørene på vidt gap, kulturlivet som har lege med broten rygg kan så smått komme i gang att og sommarferien kan kanskje bli litt meir normal enn i fjor.

Hyrdingrøysta ønskjer alle ein fin sommar. Syt føre at batteria blir lada og er klare for haust og mørketid.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 479 79 115

Ope tysdag 9-15

Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Fungerande sokneprest

Reidar Knapstad

☎ 975 68 220?

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9–15

toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebo

☎ 416 94 472

inger.ovrebo@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass.kyrkjeverje

Trond Herlosund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085



Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fylldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

– Torer vi å spørje?

Eg opna bibelen min og las Johannes 1,35-51. Tankane kom berre springande av seg sjølv. Ho hadde sete der så lenge, så lenge at vi som såg henne for femte gang på same dag, begynte å lure på om ho i det heile teke var levende? Ved inngangen til tempelet sat ho framoverbøyd, i gamle, slitne pjaltar.

Menneske kom og gjekk inn og ut av porten til det taoistiske tempelet, som hadde stått der i meir enn 300 år. Grått var det blitt og den raude malinga var forlengst skalla nesten bort. Som tempelet sin farge, var ho – grå.

Ein av dei sjøfolka eg hadde med på tur, gav ho ein dunk med vatn. Då ho hørde det danske språk, reiste ho seg frå plassen sin, lyste opp i eit breitt smil og sa på klingande fynsk dialekt:

«Goddaw du», min eigen dialekt. Ho forvandla seg på kort tid frå ein sliten grå masse til eit lysande, varmt, stort smil.

Det vart, etter dette første møte, til mange og ho vart etter kvart fast kyrkjegjengar om søndagane.

Slike glimt får eg frå tida i Hong Kong, når eg les teksten frå Johannes evangeliet.

Jesus møter menneske, og frå ein augneblink og til den neste blir livet deira endra. Møtet med Jesu ord kan opne opp for ny retning. Ofte ser vi ikkje skogen for berre tre, vi kan føle oss køyrt inn i eit fast spor, alt på skinner utan stopp. Livet kan verke tomt og utan mening eller innhald. Kva vart det av draumane mine, av alle mine håp og tankar?

Så kom det enkle ordet, ei lita handling som ein dunk vatn, og verda vart noko heilt anna. Den grå pjaltebunken vart sedd og gleda lyste ut av ansiktet hennar.

Jesu ord og gjerningar lever vidare i oss og eg trur vi har eit oppdrag å sjå kvarandre, det må ikkje bli ei plikt men meir ein naturleg del av vår måte å sjå livet på; lytte og våge å spørje.

Kvinna i Hong Kong ved det gamle tempelet, dei menneska Jesus kalla i Johannes evangeliet; alle svara på kallet. Og du og eg, torer vi å opne oss opp?

Torer vi å spørje?



Tekst: Ungdomsprest CARSTEN LANGELAND

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon. Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
hdvergsdal@gmail.com
Neste nummer kjem i oktober.



Kari Veiteberg fekk takk for besøket i Jølster av soknerådsleiar Astrid Aardalsbakke Feldt som også overleverte boka «Opptur indre Sunnfjord» til den turglade biskopen.

Oslobiskopen på besøk i Jølster

– Det er rørende og litt skummelt å stå på denne preikestolen, sa Oslobiskop Kari Veiteberg då ho siste søndag heldt preike i Helgheimskyrkja.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Kari Veiteberg har farslekta si frå Veiteberg i Stardalen, men er fødd og oppvaksen på Stord. Faren, Karl Veiteberg var lærar der, men biskopen fortel at ho har mange gode sommarminne frå Stardalen, der ho hadde besteforeldre onklar og tanter.

Bokturné

I lag med søstera, kunsthistorikaren Jorunn Veiteberg, har ho vore på ein turné i Sunnfjord og Fjærland i regi av Rom for ord. Dei var også i Stardalen der dei samtala om bøkene sine, om det å vere søstre og venner og mykje meir. Jorunn har samla

på smykke og har skrive bok om smykseskrinet sitt. Kari har nyleg komme ut med ei ungdomsbok med spørsmål og svar kring kristendom og tru. Den har tittelen «Store spørsmål-korte svar», men biskopen har også fleire bøker på samvitte

Når biskopen først var på heimlege trakter måtte ho sjølvstags også ta seg ein tur til Helgheimskyrkja, der faren vart døypt og der mange frå farslekta er gravlagde.

På preikestolen

Det er svært lenge sidan ein prest har nytta preikestolen i Helgheimskyrkja, men Kari Veiteberg gjorde det.

– Av og til er det godt å sjå og bli sett, smilte Veiteberg etter gudstenesta. Ho tykte også at det var kjekt å vere tilbake i Jølster der ho var på besøk om somrane i oppveksten.

– Heile barndommen kjem opp att, sa ho. Men på spørsmål om ho hadde delteke på aurefesten, så var svaret nei.

– Det visste eg faktisk ikkje om, men eg kunne i alle fall godt tenkt meg å ete resultatet

av ein fiskekonkurranse, for få ting slår jølstrauren.

Meiningars mot

Kari Veiteberg er kjend som ein engasjert og debattglad biskop. Ho har bakgrunn frå Kirkens by-



Kari Veiteberg på veg inn i kyrkja i lag med fungerande sokneprest Reidar Knapstad.

misjon og har alltid hatt eit stort sosialt engasjement, og omsut for dei svake i samfunnet.

Men ho har også engasjert seg i spørsmål som har skapt temperatur og debatt, som då ho og nokre av dei andre biskopane for ikkje lenge sidan oppfordra til boikott av varer som er produserte på okkuperte område i Israel - Palestina. Dette fekk ein stortingsrepresentant til å seie til ei større Oslo-avis at slikt ikkje høyrer heime i kyrkja.

– Biskopen i Oslo har ikkje svara han på dette. Vi kjenner at det vil gje vedkommande merksemd for noko som ikkje stemmer. Han må setje seg inn i Kyrkjemøtet sine vedtak, seier Kari Veiteberg når vi spør ho om ein kommentar til akkurat dette.

Radikal

Kari Veiteberg har vel også vore rekna for å vere radikal når det gjeld meiningar og standpunkt. Då ho starta gjerninga som biskop i Oslo vart ho intervjuva av Fagbladet, organet for Fagforbundet der ho tidvis har vore medlem. Ho har nemleg veksla mellom Fagforbundet og Presteforeininga.

– Eg har alltid gått i tog 1. mai, 8. mars, 17. mai og mot atomvåpen og i samband med Metoo, sa Veiteberg til Fagbladet. Ho var også tidleg ut med

å vigsle homofile par og ho skreiv under på opprop om at Jerusalem skal vere heilag by for tre religionar og to nasjonar. Ho kvidde seg heller ikkje på å legge seg til å sove i ein av Oslo sine parkar i full prestemundur, i lag med huslause, då Oslo bystyre i 2013 vedtok forbod mot å sove ute.

Utfordrande tid

Kari Veiteberg er den første kvinneleg biskopen i Oslo og sekstiåringen vart fødd same året som Noregs første kvinnelege prest, Ingrid Bjerås, vart ordinert.

Biskopen har, som alle andre, merka pandemien i arbeidet sitt og ser fram til å komme tilbake til meir normale tilstandar.

– Men eg er imponert og stolt over kor kreative og oppfinnsame kyrkjelydane rundt om har vore for å få livet til å gå rundt i ei vanskeleg tid. Vi har oppfordra til aktivitet. Vi let oss ikkje stoppe, er beskjeden frå Oslo-biskopen. Ho er også oppteken av frivillig arbeid og ho meiner at jølstringane er gode på akkurat det.

Kari Veiteberg leverte også nokre artiklar til Hyrdingrøysta for ein del år sidan.

– Eg skreiv om høgtidene og eg skreiv mellom anna om det far min fortalde om juletreet og kva dei ymse delane av pynten



Reidar Knapstad er fungerande sokneprest i Jølster og sto føre liturgien, medan biskopen heldt preika.

symboliserer. Eg lurar på om ikkje far min fekk bladet tilsendt, men det låg i alle fall heime hos tantene mine når eg var på besøk der.

Må ut blant folk

– Kva er kyrkja sine utfordringar i ei tid der alt endrar seg heile tida?

– Vi må vere levande, nær og tilgjengeleg og utfordringa er å få folk ut av heimane, å utfordre ein høgare himmel og vere gode på konfirmantarbeid. I Jølster har de påskeplasket som ein del av konfirmantarbeidet, noko som engasjerer Dei tinga eg nemnde legg eg vekt på som biskop og eg trur

også at vi i større grad må komme oss ut av kyrkjebygget og til og møte folk der dei er. Det handlar om å setje seg ved bordet der folk samlast, for å seie det slik, svarar Veiteberg og legg til:

– Er kyrkjelyden raus med prestane, er prestane rause tilbake. Det er viktig å vere ein flokk, avsluttar Oslobiskopen som håpar å snart vere tilbake i Jølster for å ta seg ein fjelltur eller to. Ho fekk nemleg med seg eit eksemplar av boka «Opptur Indre Sunnfjord»

– Eg må nok utfordre nokre av turane i boka, smiler ho



Kyrkjekaffi bøyrrer til og ber ser vi f.v.: Jorunn Veiteberg, søstera til biskopen, Inger Veiteberg, Kari Veiteberg og Rune Molvik i ubogtidleg prat under kyrkjekaffien.



I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)

Ein song om menneske og korn og mold

Ein song om menneske og korn og mold.
Er songen om det skapande sekund
då kimen bryt i von om tusen foll
og grøden byggjest or den gode grun
I denne skapingsstund, i denne sæle
har menneske og korn og mold fått mæle


Ein song om sommarsol og sol og regn
er songen om det drygande sekund
– om gard og grend om onn og dyr og grind
om alt som krev vår ans i denne stund
Om bylgjeslag mot våre varme strender
Om elskhugs dirr i våre harde hender

Ein song om modningstid, om barn og brød
er songen om det vikande sekund
om alt som har sin dag som svinn
og legg sitt frø i nye fjerne tiders vokstergrunn
Om det vi var og det vi ville vera
Om det vi vann og det vi ikkje vann å gjera

Ein song om slektene som var her før
er songen om det komande sekund
om livet som or løynde kjelder flør
og vatnar nye ætters drøynde lund
med nye ætters kamp på nye frontar
og ny erobring av dei nye horisontar

Vår song om menneske og korn og mold
er songen om det evige sekund
om kveitekornet som med nye foll
legg gull og grøde over jordens grunn
Mot vårens varme tid, mot vinterkvile
Om kimens kraft i mold skal ingen tvile

Knut Hauge



Møte med eit dikt

Denne gongen er det STEINAR DVERGSDAL som presenterer eit dikt han er glad i:



Steinar Dvergsdal har valt seg eit dikt om menneske, korn og mold.

Diktet er skrive av Knut Hauge frå Valdres. Det var skrive til Norges Bondelag sitt 75-års jubileum. Eg har sett Knut Hauge omtalt som ein av dei mest lesne og minst kjende forfattarane.

Eg møtte dette diktet ved 100-års jubileumet til bondelaget i 1996. Då vart det teke fram og tonesett. Sidan då har diktet følgt meg. Eg har brukt det i mange samanhengar. Hauge har henta bileta frå landbruket. Mange av oss kjenner oss att i det som rører seg i dei konkrete livsfasane som han har lagt inn

i diktet. Men først og fremst er det uttrykket for forgenglegdom og uforgjengelegdom. Der vi er ein ledd i lekkja av uforgjengelegdom. I mine øyre minner det om at ein må nytte tida i dei tidsfasar ein får tildelt. Det er og ei litt sår påminning om at jordlivet har ei tilmålt tid, der det er vår oppgåve å legge frø som kan spire til nytt liv.

Grunnen til at eg vart utfordra til å nemne dette i Hyrdingrøysta, er nok at eg opna gudstenesta på Hamnanova 2. pinsedag med nett dette diktet.



Tradisjonen tru var det også i år gudsteneste på Hamnanova 2. pinsedag.

Pandemien gav fleire friluftsgudstenester

Året 2020 og 2021 har bydd på store utfordringar for kyrkja som for mange andre. Kor mange som til ei kvar tid kunne samlast i kyrkja har vore uvist om lag til rett føre kvar gudsteneste.

Tekst og foto: HILDEGUNN HUUS

Så fantasien både til prestar, organistar, andre tilsette i kyrkja og medhjelparar har vore sett på prøve. Det har vore vanskeleg å planlegge. Difor har vi valt å ha nokre gudstenester i friluft på ymse stadar, og under ulike temperatur forhold.

Hamnanova i år også

I sommarhalvåret har ein kvart år hatt nokre stadar for gudstenester ute, men om vinteren har det til no vore corona som har vore grunnen.

Hamnanova er ein av dei plassande ein har hatt gudsteneste i friluft på andre pinsedag. Dette har vorte ein tradisjon og i år var vi så heldige at den nye prosten tok turen og heldt gudsteneste for om lag 35 framømte. Organisten hadde pust nok etter turen opp til å spele på munnorgel til salmane. Etter gudstenesta vart det servert mat og sjokolade. Drikke måtte kvar enkelt ha med, men eg oppdaga at det var mogeleg å få drikke for dei som hadde gløymt å ta med noko, så nokon hadde kan hende bore litt tyngre enn andre.

Det er flott å ha gudsteneste i kyrkja, men jammen er det flott å samlast til gudsteneste ute også, i alle fall når vêret er bra.

Prestevikar i år óg

Teologistudent Knut Nordeide har også denne sommaren prestevikar-teneste i Sunnfjord. Han kjem frå Førde og har familie både i Førde og på Sande.

Vi er særst glade for at Knut har sagt ja til å gjere teneste her hos oss.



Ta godt imot han.

Prestevikar Knut Nordeide.

Kyrkjeskys

Treng du skys til kyrkja kan du ta kontakt med ein av desse:

Helgheim sokn

Inger Veiteberg tlf. 908 60 874
Knut Osvoll tlf. 911 90 709
Turid Høyvik tlf. 472 48 832
Astrid Aa Feldt tlf. 416 84 368

Ålhus sokn

Marta Fimreite tlf. 913 87 552
Bjørge Dvergsdal tlf. 476 66 812

**GJESTESKRIBENTEN:**

Hyrdingrøysta har starta ei ny spalte, ein tumleplass for dei med skrivekløe og for dei som brenn for noko. I denne spalta

vil vi oppfordre jølstringar om å skrive om noko som opptek dei, noko som er aktuelt i tida, eller noko dei trur kan vere godt for andre å lese. I tillegg til å oppmode skribentar om å melde

seg, vil vi også utfordre nokre vi trur kan vere med på å gje liv til denne spalta. Denne gongen er det JANNE EIKÅS om gjer seg tankar om det å bruke naturen.

Annleisåret

Siste året har fått namnet koronaåret, kven skulle trudd at noko slikt kunne skje i vår trygge verd der vi er vande med at alt kan kontrollerast, og at alt finst det hjelp til ?

Tekst og foto: JUDITH KAPSTAD

Men så kom det til oss, noko som vi vart skaka av. Vi fekk ein fiende vi kanskje ikkje kunne vinne over slik vi har vore vande med i lang tid her i Noreg.

Framgang og vekst

Rett nok var siste verdskrigen noko som sette liva til våre foreldre, altså førre generasjon, på store prøvingar. Eg hugsar at mor mi fortalde om ei tung tid der dei ikkje viste kor lenge krigen ville vare og kva som ville bli resultatet. resultatet. Ei fem år lang ventetid i utryggleik, uvisse og tvil i ungdomsåra.

Etterkrigsgenerasjonen, som eg høyre til, har levd eit liv som har vore prega av framgang og vekst, trua på at alle problem finst det løysingar på. Men så kom dette viruset som skaka ei heil verd. Vi fekk inn meldingar på TV frå Italia som gjorde at vi alle forstod at no var det alvor, vi såg eit helsevesen som ikkje lenger hadde kontroll, og at dette kunne ramme også oss her heime i Noreg. Vi som var vande med eit helsevesen som har full kontroll, forstod at vi kunne kome i same situasjon, og at vi kanskje måtte velje kven som skulle prioriterast om det vart

mangel på kapasitet på intensivsenger og anna utstyr- ein skremmande tanke.

Store medisinske framskritt

For om lag 100 år sidan var det spanskesykja som var «pesten» som råka og tok mange liv, og vi veit at verda har hatt mange pandemiar tidlegare som har skapt mykje lidning og død. Dette nye viruset var det berre ein ny vaksine som kunne stogge, og no viste verda at vi har eit så godt utvikla helsevesen og forskingsmiljø, at dette klarte vi å løyse i rekordfart.

Mange sjukdommar har blitt kjempa ned grunna bruk av vaksine, og den første vaksinen som vart laga var koppevaksinen, for om lag 200 år sidan, og no er denne sjukdommen utrydda. Tenk kva menneskekløkt og kunnskap som har hjulpet menneske til framgang på helsefronten. Mange store framsteg har vi fått dei siste 100 åra, tenk berre på bruk av røntgen, cellegift, medisinar for psykiske sjukdom, strålebehandling, behandling av hjertesjukdom med vidare.

Det er fantastisk å sjå kor store framsteg som er gjort på mange felt dei siste åra som vi som lever no kan dra nytte av og få hjelp frå.



Gjesteskribent Judith Kapstad finn ro, harmoni og skaparglede i «

Er alle framskritt av det gode?

Men dette siste året, med så store endringar som pandemien har ført med seg, har fått meg til å tenkje meir over korleis vi lever saman og kva press vi har skapt dei siste 100 åra på natur og klima på kloden. Dette er noko eit godt helsevesen og ei vaksine likevel ikkje kan hjelpe oss med. Vi er så vande med framgang og at alt skal vere mogeleg.

Vi har reist jorda rundt og hatt gode opplevingar utanfor landet, vi kan kjøpe all den mat vi treng på nærbutikken, både eksotisk frukt og andre vare som er transportert lan-



«verdas vakraste ramme».

ge vegar. På mange måtar kan vi seie at vi dei siste 100 åra har skapt stor framgang på helsefronten, men motsett effekt på natur og klima i verda.

Pandemien har fått meg til å tenkje meir over dette. Spørsmålet blir om vi lever på ein måte som gjev oss langvarig vekst og eit godt liv slik vi ynskjer det for våre barn og barnebarn?

Vi treng ikkje å farte så mykje

Siste året med alle restriksjonar og reglar for korleis vi kan leve, har gjort at vi har

måtte halde oss meir i ro, ikkje farte på i alle himmelretningar, men finne andre måte å verke på både i heim og mellom menneske. Men kanskje har dette gitt oss noko meir enn avgrensing og vore ei god påminning i vår oppjaga og stressa verd, noko vi treng?

Det har slått meg at ungar likar like godt det enkle og nære no som før i min barn-dom. Vi treng ikkje reise utanlands for å skape gode minne. Vi som er så heldige å leve i eit land rik på urørt natur og store vidder, kan boltre oss og gje ungene gode

opplevingar og mestrings-kjensle i det nære, trur eg.

Eg høyrde ei ung mor som sa til meg nyleg at ho tykte det var bra å sleppe unna ferieplanar med småungar utanlands. Heimferie med rolege dagar såg ho fram til. Ja, det enkle og nære kan bli det beste og det mest bærekraftige på sikt, trur eg.

Korona-prosjekt

Eg vil fortelje litt frå mitt korona-prosjekt, som eg for spøk kallar det, ein potetåker i Hammarsbakken under Urastova. Urastova ligg ved Jølstravatnet på oppsida av vegen, ei lita stove som vart kjøpt frå Nicolai Astrup av Gunnhild Hamar Furehaug for om lag 100 år sidan då ho kom heim att frå Amerika med ei dotter Inga og sonen Bendik. Denne historia om «Amerikadraum som brast» er skrive om i bladet Jølst i 2018 av Ole Magnus og Anne Cecilie Kapstad.

Eg har tenkt mykje på lagnaden til desse to kvinnene, Gunnhild og Inga, som kom heim att til Hammarsbakken for vel 100 år sidan. Dei levde i armod, dei dyrka sikkert poteter i same jorda som eg no har hatt mitt hobbyprosjekt. Det minner meg om dei store kontrastar i levde liv med berre 100 år imellom. Det er ikkje lang tid, eg har levd i snart 72 år, og tykkjer ikkje det er lenge sidan eg sjølv var barn.

Tida er noko som både kan fly og stå stille. Når eg har stått i åkeren og spadd og snudd torv, gjødsla, planta og hyppa, så har tankane gått i alle retningar, eg har forstått slitet det har vore å dyrke jorda, men det har gitt meg stor glede og mestringsfølelse å sjå at dette klarar eg.

Det er spennande å sjå og følgje med om det er liv og vekst I år er det andre sommaren med åker, og den er no utvida og har fått plass til diverse grønnsakplantar og jordbær. Når eg står i åkeren finn eg stor glede i å høyre på elva som renn og brusar att med meg og sjå utover Jølstravatnet. Her finn eg ro og harmoni, ja ein slags skaparglede i «verdas vakraste ramme».



Hanne Marie Engdal er diakon på Gran Canaria.

Diakoni og pandemi

–Vi må ikkje gjere det så innvikla å være eit medmenneske, meiner Hanne Marie Engdal som jobbar som diakon ved Sjømannskyrkja på Gran Canaria.

Tekst INGE MØRLAND Foto METTE BRANDT

Å være diakon under en pandemi har endra arbeidskvardagen til Hanne Marie Engdal.

– Men enten eg møter éin eller ti, er det sjølv møtet som er viktig. Eg får betre tid til å være saman med dei som treng støtte og hjelp. Det opplevas veldig godt oppi alt.

Framandord?

– Diakon og diakoni er framleis framandord for mange?

– Diakoni blir ofte definert som kyrkja si omsorgsteneste. Det handlar om å møte alle menneske der dei er i livet, med neste-kjærleik, respekt og likeverd.

– Så diakoni handlar ikkje om at dei sterke skal hjelpe dei svake?

– Nei, det er ei feiltolking å tenkje at eg som diakon alltid er den sterke og tøffe som taklar alt. Nokre gonger treng vi alle råd og vegleiing, andre gonger treng nokre av oss mat, klede, ein klem eller hjelp til å prøve å få livet inn på eit godt spor.

Utfordrande sosialsaker

Før Hanne Marie Engdal flytta til Gran Canaria i fjor, jobba ho 15 år som diakon i Noreg.

– Er det stor skilnad på være diakon i Spania samanlikna med Noreg?

– Ja, eigentleg. I Noreg er det eit helt opplegg for alle eventualitetar av det menneske slit med. Det finst sjølv sagt eit spansk helsevesen her, men ting blir ofte mykje meir komplisert når ein er i utlandet, med andre regler og ulike rettar. Språkbarrieren er også et hinder for mange til å kunne nyttiggjere seg av dei lokale hjelpetiltaka.

– Er det noko som er likt?

– Folk treng jo den same omsorga uansett kvar dei er i verda. Det folk slit med hei-

me, slit folk med her også. Det er sorg, rus, einsemd, sjukdom og utanforskap.

– Kva for saker er mest krevjande?

– Vi blir involvert i mange såkalte sosialsaker som er utfordrande. Dei tyngste og mest komplekse sakene har samanheng med rus, psykiatri og omsorgssvikt. Men barn, små barn, som opplever omsorgssvikt i eit fremmed land, gjer spesielt inntrykk på meg. Det er ille i Noreg også, men her har dei ofte ikkje noko nettverk, bortsett fra Sjømannskyrkja. Det er tøft, sier ho og legg til at Sjømannskyrkja har kompetanse på å møte menneske i vanskelege livssituasjonar, i sjelesorg og sorgarbeid. I tillegg til eit godt samarbeid med andre hjelpeinstansar.

Heimlause nordmenn

– Hender det at du må ut og leite etter nordmenn?

– Det skjer innimellom, men det er viktig for meg å respektere mennesket sin frie frie vilje. Eg møter nordmenn som har valt å leve

som heimlause her. Nokon av dei har vakse opp med rus og overgrep, og mangel på at nokon har tatt tak i liva deira som små. Deira handlingsmønster og referanserammer for kva som er eit bra liv er så veldig annleis enn mitt. Det kan tilsynelatande verke enkelt å være uteliggjar her. Dei slepp å fryse og dei mottek mat frå ulike stadar. Kven er eg då som skal seie at dei ikkje kan leve det livet dei lever? Men det er klart at når dei mister bankkortet, når trygda ikkje kjem, eller når dei blir sjuke, då blir det frykteleg komplisert å vere heimlaus og norsk på Gran Canaria.

– *Kva gjer du då?*

– Eg prøver å sette dei i stand til å ikkje berre vere hjelpetrengande, men å handle sjølv. Til å ta ansvar og mynde over eige liv. Ofte skulle eg ønske at eg kunne ta vala for dei, sette dei på et fly og få dei inn i eit system heime i Noreg. Men jeg kan ikkje ta i frå vaksne menneske dei valmogelegheitene dei har. Så sant dei ikkje er så dårlege at dei er ute av stand til å ta det valet sjølv. Eg prøver å vere saman med dei og støtte dei i ein vanskeleg situasjon.

Ver eit medmenneske

– *Kva er ditt beste tips til korleis vi kan leve litt meir, kva skal eg seie, diakonalt i kvar-dagen?*

– Ikkje set deg sjølv i sentrum og prøv å sjå ting ut frå perspektivet til det mennesket du treffer.

– *Det er kanskje lettere sagt enn gjort?*

– Nei då. Vi må ikkje gjere det så innvikla å være eit medmenneske. Forsking viser at noko av det viktigaste for oss menneske er å bli sett og høyrte. Ingen av oss er perfekte, vi har alle våre feil og manglar, men vi kan likevel være der for kvarandre og skape gode fellesskap. Du kan jo sjelden gjere noko gale om du gir nokon eit smil, eit klapp på skuldra, eller ringer og spør «korleis har du det?»

SJØMANNSKYRKJA

– Norsk kyrke i utlandet

- Sjølvstendig og frivilleg organisasjon for nordmenn i utlandet
- Gir omsorg, tryggleik og fellesskap til nordmenn i utlandet
- 28 kyrkjer over heile verda
- Mier enn 20 omreisande medarbeidarar med heile verda som nedslagsfelt
- Er til for alle nordmenn - uansett livssyn og bakgrunn.



Grunna pandemien vart påskeplasken i mai i år, men det la ingen dempar på badinga.

I år vart det konfirmantplask i mai

Påska 2021 vart ei mager kyrkjepåske og det vart eit magert påskeplask, i alle fall for prest og konfirmantar i samband med konfirmasjonstida. Det har vore tradisjon dei siste åra å ha påskeplask etter gudstenesta 1. påskedag i Helgheim kyrkje.

Tekst: HILDEGUNN HUUS Foto: MONA ÅRDALSBASSE

I år sette nedstenging i påska ein stoppar for gudsteneste og såleis også for plask. Men det er mykje som går å ta igjen, og såleis vart det gudsteneste og plask 2. mai i staden.

Fin gudsteneste

Første hadde vi ei fin gudsteneste der konfirmantar deltok, og organist hadde invitert med seg Anne Turid Taklo på trompet som gav ekstra fylde til musikken. Presten ytte og sitt.

Prest Carsten har ved fleire høve fått konfirmantforeldre til å bake til kyrkjekaffien ved dei gudstenestene der konfirmantane er med, eller er spesielt inviterte. Derfor vart det i år både plask og kyrkjekaffi med kaker, kaffi, saft.

Kyrkjekaffi ute

Det var fint vår og bra temperatur den 2. mai og vi kunne såleis ha kyrkjekaffien ute, noko som gjorde at vi ikkje kom i konflikt med korona krava.

Eg trur eg har mange med meg når eg ynskjer at dette er ein tradisjon vi må halde på, så får vi sjå kor ofte vërguden spelar på lag med oss, og om konfirmantane i framtida er like tøffe som dei er no.

Hurrar for prest, konfirmantar og kyrkjelyden som deltok!



TIDEBØN

VASSENDEN KYRKJESENTER

Ei stille stund med rom for ro og ettertanke.

I sommar er det ikkje tidebøn.

Vi startar opp att med tidebøn, 17.august kl.11:00

Unntak: Når det er gravferd.

Sprek 100-åring tok i mot Hyrdingrøysta



– Eg har vore heldig som har fått vere frisk, og så har det vore mykje arbeid og mange harde tak, fortel hundreåringen Svanhild Åhaug.

– Så mykje blomar har eg aldri fått, smilte Svanhild Åhaug då vi nyleg var på besøk. For ikkje lenge sidan fylte den spreke og oppegående dama 100 år.

Tekst og foto HALLSTEIN DVERGSDAL

Det er ikkje veldig mange som når opp i ein slik alder, og slett ikkje alle opplever å vere friske når det skjer. Men Svanhild Åhaug bur heime i det koselege huset sitt og ho lagar mat og styrer seg sjølv på all måtar.

– Har vore heldig

Når vi spør etter oppskrifta på å nå opp i ein slik alder, så er svaret enkelt, men samtidig logisk.

– Eg har vore heldig som har fått vere frisk, og så har det vore mykje arbeid og mange harde tak. I mi tid var det slik at kjerringa skulle vere heime og mannen ute, forklarar Svanhild. Men litt seinare får vi vite at ho gjekk meieriskulen i Øystese i Hardan-

ger, og arbeidde nokre år på gamlemeieriet på Ålhus.

– Dette var i starten på krigen og på vegen nedanfor der vi budde såg vi ofte tyske soldatar marsjere forbi. Men det hende også at dei kom og kasta småstein på vindauga. Dei visste sjølvsgatt at det budde ein del unge jenter i bygget, fortel Svanhild som elles ikkje opplevde noko dramatisk under krigen.

– Du veit, her i Jølster var det stort sett stilt og roleg.

Lesing og veving

I stova til Svanhild er det mange bøker og jubilanten legg ikkje skjul på at ho har lese ein del.

– Eg har lese det som har vore lesande, for det er det nemleg ikkje alt som er. Mannen min, Olav, las veldig mykje og var med i leseringen her på Ålhus., fortel Svanhild som også hugsar mange timar i vevstolen med veving av åkle til Audhild Viken.

– Ser du TV og høyrer på radio?

– Nei, no er det så mykje fotball på TV, at det orkar eg ikkje. Men elles ser eg no på «Norge rundt» og eg likar krim. Når det gjeld krim så er det dei gamle seriane med Poirot og Derrick som eg ha likt best. Elles høyrer eg no ein del på radio og då er blir det først og fremst nyhende.

Vi får elles høyre at idrett ikkje er det som står høgast i kurs.

– Skihopping er nifst å sjå på. Dei kan no dette ned og skade seg og det gjer dei no rett som det er. Langrennsløparane ser ut som dei held på å krepere når dei kjem til mål, så det tykkjer eg ikkje noko om.

Musikkelskar

I stova til Svanhild står det eit flott piano og vi lurar sjølvsgatt på om ho brukar det, og svaret er ja, og ikkje berre det; ho brukar det kvar dag.

– Kvar morgon spelar eg «Hver dag er en sjeldan gave», fortel Svanhild som legg

til at ho er glad i klassisk musikk og at ho har Antonio Vivaldi som favoritt komponist. Og når vi først er inne på Vivaldi, så kjem vi sjølv sagt ikkje utanom «Dei fire årstidene» som Svanhild, til liks med mange andre, set høgt.

– *Kva med folkemusikk?*

– Jau, det kan eg lytte til. Eg hugsar ein gong eit bryllaup her på Ålhus. Då gjekk det fire spelemenn frå Paulen framfor brudefølget, men spelemennene slutta å spele ved kyrkjegardsporten.

– *Du var sju år når Nikolai Astrup døyde. Såg du han nokon gong?*

– Nei, eg såg aldri Astrup. Du veit han budde på sørsida, men eg hugsar gravferda hans og dei lange rekkene med svartkledde menneske som samla seg ved kyrkja. Elles vart eg godt kjend med yngste søstera til Astrup, Ingeborg.

Mange prestar

Svanhild Åhaug har opplevd mange prestar og sidan ho vaks opp like ved prestegarden, så fekk ho mange prestebarn som leikekameratar.

– *Har du ein favoritt mellom alle prestane du har opplevd?*

– Eg har eigentleg likt alle, men Bjotveiten er nok favoritten, får vi vite. Elles tykkjer Svanhild at prestane er litt for kvardagslege no, samanlikna med før i tida.

– Det var meir høgtidleg og verdig når dei steig opp på preikestolen med svart kjole og kvit krage, tykkjer Svanhild som ikkje har vore så mykje til kyrkje i den seinare tid.

Men ho les Hyrdingrøysta og ho har følgt med bladet sidan det kom ut for første gong i 1938. Ho har også teke vare på ein del gamle blad.

– *Bladet har forandra seg mykje sidan starten. Kva tykkjer du om bladet i dag?*

– Eg les alltid bladet, og eg tykkjer de har mykje aktuelt stoff føre dykk, ting som er kjekt for oss å lese om.

Store framskritt

Eit menneske som har levd i 100 år har opplevd enorme framskritt og ei nesten ufattelag utvikling på alle felt.

– Kva er det største du har opplevd når det gjeld teknisk utvikling?

– Vaskemaskin, frysar og kjøleskåp var store framskritt, varmtvassstanken også, men kledda vart reinare når vi vaska for hand og

Babysong med store smil og frydefulle ytringar



Smil og glede når babysonggruppa samlast på Vassenden kyrkjesenter.

Babysong-gruppa i Jølster er samla på Vassenden kyrkjesenter måndagar kl 11.00.

Tekst og foto BJØRG DVERGSDAL

Denne dagen i mai då eg sneik meg inn for å sjå, var det 5 babyar med mødre til stades. Silje Sørebo leia aktiviteten, Erlend Os sat ved pianoet og Solveig Lesto sytte for kaffi og noko å bite i.

For dei minste

Dette er eit tilbod til dei aller minste. Mødre og fedre i permisjon kan møte opp og vere med og gje borna ei oppleving

av song, musikk, rørsle og rytme. Smil og frydefulle ytringar frå dei små viste at dei sette stor pris på tilbodet. Enkle ting som eit florlett tøyestykke i bevegelse, såpeboblar og blåsande pust frå mamma skapar magi for ein liten kropp.

Om du ikkje rekk å komme presis, kan du komme og vere med på siste delen, eller berre på kaffikosen. Det sosiale er viktig, presiserer Silje. Og det er fint at foreldre vert kjende med kvarandre. Truleg skal nokre av desse borna møtast i klasserommet om nokre år.

Aktiviteten vil halde fram også til hausten. Då er du og babyen velkomne.

skøla i elva. Mjølkemaskin var også stort å få, svarar Svanhild.

– Eg har ofte trudd at utviklinga har nådd toppen, men slik er det visst ikkje, smiler 100-åringen og ser ut glaset.

Når ho tenkjer tilbake på eit langt liv, så har mykje handla om arbeid og strev, men ho hugsar også fine sommardagar på Godtdalsstøylen og budeieliv på Fjellstølen. Ho hugsar også skigåing og sykling til langt opp i godt vaksen alde.


I dag har ho sine faste rutinar som mellom anna inkluderer kryssordløyning, noko ho meiner er god hjernetrim. Svanhild bur elles i det som var gamle Viken skule og som vart flytta frå Skei til Øvrebø i 1929.

Å besøke denne spreke 100-åringen var ei oppleving og Hyrdingrøysta gratulerer med den høge alderen og håpar at Svanhild får mange, gode dagar framover.

Takk for at vi fekk komme på besøk.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.


skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25


MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
952 00 433

JØLSTER RØR AS
Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823


COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18
Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no


COOP MARKED SKEI
Måndag–fredag: 8–21
Laurdag: 9–18
Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*
Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804


VESTLAND ELEKTRO OG RØR
Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no


Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat TUNET
- kurs og oppleving
Støringdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden


Jølster Bil AS
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

Eikås Frisør
EVA AARSETH
Tlf. 57 72 75 88


Åsen & Øvrelid as
Tlf. 57 72 38 50


Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com
Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige
post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00


EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde
Søgnasand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236


ALF HELGHEIM & CO AS
6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no
FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK


Canonringen
Viken Canon

ROALD SUNDE
Maskinentreprenør – Sentral godkjenning
Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibus


Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?
Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.
Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no


SOS
22 40 00 40


SOS
CHAT


SOS
MELDING


KIRKENS
SOS

Kyrkja er vår heim



JUNI

2. søndag i treeiningstida – Skaparverkets dag
Søndag 06.06

SANDALEN GRENDAAHUS kl.11:00

3. søndag i treeiningstida – søndag 13.06

HELGHEIM KYRKJE kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd.

4. søndag i treeiningstida – søndag 20.06

VASSENDEN KYRKJESENTER kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd.

5. søndag i treeiningstida – søndag 27.06 kl.11:00

Folkemusikk -og friluftsgudsteneste i KJØSNESHOGEN

JULI

6. søndag i treeiningstida – søndag 04.07

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

8. søndag i treeiningstida – søndag 18.07

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

9. søndag i treeiningstida – søndag 25.07 kl.11:00

SUNNFJORD MUSEUM, MOVIKA

Gudsteneste

AUGUST

10. søndag i treeiningstida - søndag 01.08

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

11. søndag i treeiningstida – søndag 08.08

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

12. søndag i treeiningstida – søndag 15.08

Friluftsgudsteneste i Ålhus sokn kl.12:00

Stad ikkje bestemt.

13. søndag i treeiningstida – søndag 22.08

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

AUGUST – framhald

Vingardssundagen – søndag 29.08

Vassenden kyrkjesenter kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

SEPTEMBER

15. søndag i treeiningstida – søndag 05.09

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Konfirmasjonsgudsteneste

15. søndag i treeiningstida – søndag 05.09

HELGHEIM KYRKJE kl.15:00

Generasjonsgudsteneste

16. søndag i treeiningstida – søndag 12.09

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Hausttakkefest, alle 5-åringar vert invitert.

17. søndag i treeiningstida – søndag 19.09

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Konfirmant presentasjon og 50 års konfirmantar

18. søndag i treeiningstida – søndag 26.09

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Konfirmantpresentasjon og 50 års-konfirmantar

18. søndag i treeiningstida – søndag 26.09

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.17:00

Konfirmantpresentasjon

Konfirmasjonsdatoar 2021

Konfirmasjonane er i Jølster i 2021 er flytta til august og september:

22.august kl.11:00 Helgheim kyrkje

29.august kl.11:00 Vassenden kyrkjesenter

05.august kl.11:00 Ålhus kyrkje

Konfirmasjonsdatoar 2022

1. mai i Helgheim kyrkje.

8. mai på Vassenden kyrkjesenter

26. mai i Ålhus kyrkje.

Døypte



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

21.03. Alina Heggheim Flatjord

23.05. Magnus Gjelsvik Dale

23.05. Oda Gjelsvik Sund

23.05. Alida Gjelsvik Sund

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

14.03 Noelle Odette Haugen Oppedal

14.03 Mailo Ciriaco Hernandez

04.04 Johan Helmen

04.04. Lou Engen

30.05 Emilie Gåsemyr Egge

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

23.03 Oddbjørg Nilsen

09.04. Arnold Masdal

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

19.03. Arthur Håheim

08.06. Oddny Eide Årskaug

Konfirmasjonane i Jølster

I eit vanleg år vil konfirmasjonsgudstenestene i Jølster bli slik:

1. søndag i mai i Helgheim kyrkje,

2. søndag i mai i Vassenden kyrkjesenter,

Kristi himmelfartsdag i Ålhus kyrkje.

Opplev vêr, vind og velsigning i sommar

Sommaren 2021 satsar kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia på arrangement i friluft. Då blir det plass til mange.

Tekst: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR Foto: ROY A. NILSEN

I ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, vil dei tilby møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke.

Mellom arrangementa er friluftsgudstener, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kyrkjereis». Arrangementa vil vere tilpassa trygt og godt smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med lokale lag og organisasjonar. Sjå gjerne heimesida www.kystkultur.no for å finne alle arrangementa under vignetten «Meir himmel på fjord». Det vil vere arrangement på dei fleste av nøkkelstadane langs kystpilegrimsleia i vårt fylke: Selja, Kinn, Svanøy, Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Lygra, Seim, Bergen, Lysekloster, Halsnøy og Moster.

Kinn

Det vert opa kyrkje ved frivillig vertskap ved



Kinn kyrkje ligg på øya Kinn og er bygt i perioda 1150-1200.

Kinn kyrkje i sommar. Også i år vert det egne turistruter klokka 1000 frå Florø til Kinn – alle dagar utanom onsdag og søndag. Ved kyrkja er det ope for besøk og daglege tidebøner klokka 1330 og 1900. Det går ein

fin rundtur omkring øya og i tillegg er det fleire fine fjellturar ein kan gå. Flora turlag driv turlagshytte på Kinn. Kinn kyrkje er ein av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia og ein vil kunne stemple pilegrimspasset her.

 **KYSTPILEGRIMSLEIA** 

Kystkultur.no

Hans Nielsen Hauge 250 år

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen vart fødd på Rolvsøy i Østfold. Koronasituasjonen har ført til at planlagte markeringar er avlyst eller utsett, men noko skjer rundt om i landet.

Teatergruppa Ryfylke Livsgnist har laga eit jubileumsspel om Hans Nielsen Hauge sitt liv og virke, «Haugespor». Opningsforestillinga var planlagt på Utstein kloster, med påfølgjande turné, men er av naturlege grunnar utsett.

Sokneråda i Sunnfjord ser om det er mogleg å få forestillinga til Sunnfjord, men det er ikkje avklart om eller når det blir.

Hauges Minde

På Rolvsøy i Østfold ligg Hauges fødestad, Hauges Minde. Huset er freda og inneheld



museum og nyopna besøkssenter med utstilling om Hans Nielsen Hauges liv og virke. Dette kan vere ein interessant plass å stogge i ferien.

På nettsida www.haugesminde.no finn ein mykje stoff om Hans Nielsen Hauge, samt oppdatert informasjon om jubileumsmarkeringa.

Strikk Haugesokken

Hans Nielsen Hauge var ein allsidig mann. Han var kjent for å strikke når han gjekkk, og kanskje var det sokkar han strikka.



Haugianerne (1852), Adolph Tidemand. Nasjonalmuseet - Nasjonalgalleriet, Oslo.

Norges Husflidslag, saman med m.a. Bjørgvin bispedøme, inviterer til design- og strikkekonkurranse, i samarbeid med Hillesvåg Ullvarefabrikk. Dette er ein del av den nasjonale 250-års markeringa for Hans Nielsen Hauge sin fødsel. Strikk eit originalt sokkepar og send inn saman med di oppskrift. Kanskje er dette årets flottaste Haugesokk?